

**KLUBBHANDBOK**

**FOR**

**Eid IL Fotball**



Oppdatert 03.11.2023

## Klubbinformasjon

### Innleiing

Klubbhandboka skal svare på dei viktigaste spørsmåla om klubben og gjere det enkelt å finne ut kva som gjeld internt i klubben. Den skal sikre at der er kontinuitet i det som bestemmast og gjerast.

Klubbhandboka er laga av styret. Handboka er eit arbeidsverktøy for alle medlemmar, spelarar, foreldre, styret, utval, tilsette, trenarar og dommarar i klubben vår.

Handboka skal nyttast til å forstå og kommunisere kva som er viktig i klubben vår, kva slags klubb vi er, kva vi skal oppnå, kva vi tilbyr og korleis vi gjer ting.

### **Historia til Eid IL Fotball**

Fotballen i bygda har utvikla seg enormt, og er i dag ein stor del av Eid. Over 300 aktive spelarar fordelt på over 40 påmeldte lag, 60-70 frivillige og eit A-lag som har kjempa i toppen av 4. divisjon i fleire år. Dette er noko av det idrettslaget består av i dag. Eid Idrettspark, Eid Stadion og Valhall kunstgras er banene fotballen benytter seg av, i tillegg til ein idrettshall som er ein del av idrettsparken. Sporten står godt og stødig på Eid i dag, med i 1863 var det få eidarar som hadde sett ein fotball.

«Dette er ein fotball altså». Året er 1900 eller 1901, det er ein fin vårkveld og Martin Myklebust står for mange eidarar sitt første møte med ein fotball. Per 2021 er dette ca 120 år sida. Historia til Eid Idrettslag er allereie godt i gang når vi har komt so langt som til 1900, og det er langt ifrå slutten.

Historia startar med Eids Turnforeining, som hadde skipingsmøte hausten 1862, og vart skipa iløpet av 1863. Denne turnforeininga vart forløparen til Eid IL. Dei neste åra blei mykje av aktiviteten drevet av militæret. Spesielt i forbindelse med 17. mai var det ein del arrangement, og dei gjorde mykje for å halde hjula i gang for turnforeininga. Men det var også lenge der aktiviteten låg nede på slutten av 1800-talet og starten på 1900. Då var det vanleg at eidarane dreiv på sjølv med eigne lag utanfor idrettslaget. Det var først og fremst turn det gjekk i, men også fotball- og skifolket fant fram utstyret på eigen hand. Miljøet innafor fotball var ikkje so mykje å skryte av, men nok til at dei som hadde interesse for det heldt det gåande.

På starten av neste århundre blei ei ny turnforeining skipa, og her var det 40 medlemmar med ifrå starten. Til tross for ny turnforeining var mykje av utandørsidretten fortsatt drevet av bygdefolket utanfor idrettslaget.

Når vi kom til 1900 eller året etter skjedde altså det historiske. Martin Myklebust og fotballen fekk all merksemd frå folket rundt på Grøneflata på eksersisplassen. «Dette er ein fotball altså.» Han fekk kjennskapen til fotball på gymnaset i Bergen, og skulle no vise karane kva han hadde med seg heim. Det vart ein gjennomgang i ti lange og ti breie om reglar, der dei fleste satt igjen med at det er to flokker mot kvarandre, eit felt som skal beskyttast, og at ein fast spelar skal passe på dette feltet. Og sist men ikkje minst: Ikkje ein gang tenk på å røre ballen med henda. Det var berre å fyre av gårde det ein hadde ved å bruke bein, hovud og bryst. Men henda, det var omtrent dødsstraff.

Fotballen var fortsett ikkje ordentleg organisert, og det var derfor ein del stemner og tilfeldige arrangement fram til 1920-talet. Eit av desse arrangementene var eidarane sin første fotballkamp. Etter at reglane og spelet begynde å sige inn, var dei klare for sin første kamp. Den blei låst av hausten 1902 mot eit lag i Florø.

Eids Fotballklubb blei skipa i 1921. Her vart det noko ueiningheit, som gjorde at ein mindre gjeng starta eit eige lag. Dette laget kalte seg for «Einig», med Gustav Nilsen som kaptein og Erling Totland som kassestyrar. Laget gjorde at interessa for sporten auka, men etter kvart blei denne gjengen oppløyst og kom inn i hovudgruppa.

Eid hadde mange gode sesongar, og spelte ein av dei gode kampene i oktober i 1928, der ein kamp skulle vere mot Høyanger. Med store avstandar mellom laga er ein køyretur på 1 -2 timar vanleg for å spele kamp i dag. For nesten 100 år sida var det 1-2 dagar som var vanleg. For å kome til kampen i Høyanger reiste spelarane kl. 21.00 ein mørk oktoberkveld, i ein liten båt kalt «Knotten». Denne turen tok 5 timar. Å kome seg frå A til B tok ein god del lenger tid i 1928, men dei var so heldige å få motorstopp på å veggen, so då tok det enda lenger tid. Vel framme i Gloppen ca. 02.00 fekk dei nokre få timar søvn, før det var opp og ut av hotellet kl. 06.00. Då skulle dei vidare med lastebil til Høyanger. Kampen skulle starte 15.00, men eidarane kom ikkje fram før ein time etterpå. Stillinga endte 3-1 til Eid, til tross for ein god del trøtte og skada spelarar. Laget kom heim igjen ut på ettermiddagen på mandagen, dagen etter.

I 1946 gjekk fotballklubben inn i Eids Idrettslag som ei undergruppe. Same år på blei det bygd ein idrettsplass på Øyrane. Idrettslaget har hatt ei enorm utvikling med åra, og det har fleire av spelarane òg.

Knut Osnes, Harald Aabrekk og Azar Karadas er tre spelarar som starta karriera med Eids Idrettslag på bryttet. Osnes blei fødd i 1922 og blei kalt «Bossen». Han var både trenar og spelar iløpet av karierra. I 1946 debuterte han på landslaget som den første spelaren frå Sogn og Fjorande. Aabrekk blei født i

1956, og har gjennom åra vore innom klubbane Eid, Sogndal, Sandane, Stryn, Tromsø og Brann. Han har vore trenar for dei fleste laga bortsett frå Eid og Sogndal, der han spelte i tillegg til å vere trenar for Sogndal. Karadas blei født i 1981, og etter at karrieren starta i Eid IL har han spelt for Brann, Rosenborg, A-landslaget og Benfica. Han har lagt opp karierra som spelar, men har ifrå 1. januar i år vore trenar for Brann 2.

Fotball er ein sport der laginnsats er viktig, men som også fokuserar på enkeltspelarar. Klubben er stolt av vere eit knutepunkt der unge får muligheten til å utvikle seg både fysisk og psykisk, og det blir spennande å følgje utviklinga til alle spelarar og lag framover. Idrettslaget ønska også alle nye fjes hjerteleg velkomen til Eid IL, ein klubb som byr på fellesskap, aktivitet, meistring, inkludering, og fotballglede for alle!

## Verdiar

Eid IL Fotball basarar sin aktivitet på felles vedtatt verdiar for norsk fotball: Trygg, Inkluderande og Modig.

Ut ifrå fellesverdiane i norsk fotball, har Eid IL Fotball tydeleggjort kva som skal prege oss og klubben vår.

Eid IL Fotball sine verdiar: Fotballglede for alle

Eid IL Fotball skal vere klubbstyrt. I Eid er det klubben som set premissane for utvikling og korleis vi driv den sportslege aktiviteten. Klubben sin til ei kvar tid gjeldande sportsplan, set rammene for korleis vi vil ha dei i Eid Fotball.

Eid IL Fotball skal følgje NFF sine rådgjevande retningslinjer. Eid IL Fotball skal ha fokus på spelarutvikling.

Eid IL Fotball skal vere ein klubb med stort fokus på alle born og unge, uavhengig av kjønn, religion, ferdigheiter, alder og anna.

Eid IL Fotball skal ha eit godt sportsleg tilbod tilpassa føresetnadar og ambisjonsnivå til den enkelte spelar. Alle skal ha moglegheit til å utvikle seg sportsleg og sosialt..

Vi skal vere opptekne av Fair Play.

Vi har nulltoleranse for mobbing og rasisme.

Vi skal ha eit godt samarbeid mellom årskull og lag i klubben. Vi skal vere opptekne av sunt kosthald og gode vaner.

Verdiane skal hjelpe oss til:

- å skape eit godt klubbmiljø, der vi tar godt vare på kvarandre
- å skape gode haldningar, som fører til eit godt treningsklima
- å være ein klubb som er kjend for godt samarbeid og god oppførsel

- å framstå slik klubben ynskjer i alle samanhengar
- å bli tydelege, få fram det som skil oss frå andre, og klargjere vår spesielle identitet

For å implementere verdiane vår vil vi gjere dei tilgjengelege for alle på heimesida vår og vi vil gjennomgå dei og omtale dei på møtepunkt som vi har i klubben som t.d. lagleiarmøter, trearforum, infomøter og årsfest.

## Visjon

Eid IL Fotball sin visjon: Fotballglede for alle

Dette er målet vårt og eit bilete av den framtida vi ynskjer for klubben. Visjonen fortel kvifor folk er med og gjer ein innsats for akkurat vår klubb. Den seier kva vi skal strekke oss etter og skape saman. For at visjonen skal kunne omsettast til handling, krevst det god kommunikasjon. Klubben kan skildre visjonen på fleire måtar, slik at den lettare kan bli forstått av alle, og slik at alle kan sjå korleis dei kan bidra for å nå draumen.

## Formål

Fotballglede for alle.

Eid IL Fotball skal vere ein inkluderande fotballklubb og vi er ein breddeklubb. Vi skal gje alle spelarar og frivillige, den beste føresetnad for utvikling som fotballspelar, i tillitsvalt rolla og som menneske i eit inkluderande miljø.

## Hovudmål

Eid IL Fotball skal jobbe aktivt med å utvikle klubben i ei inkluderande og tidsrett retning. Vi skal ha som mål å vere ein klubb som set fokus på idrettsglede, fellesskap og helse.

Vi skal ha som ambisjon å utvikle fotballspelarar og gode menneske gjennom eit godt sportsleg tilbod, tilpassa forutsetningar og ambisjonane til den enkelte spelaren.


Eid IL Fotball ønskjer å vere representert på dei ulike representasjonslaga for SFFK. Vi skal ha vere ein attraktiv klubb, med eit positivt omdømme.

Eid IL Fotball skal kvart år tilby frivillig og tilsette i klubben utdanning/kurs. Vi skal jobbe for at alle trenarar har barnefotballkurset og/eller C trenarkurs.


Eid IL Fotball skal kontinuerleg jobbe for å rekruttere dommarar, trenarar og andre tillitsvalte. Eid IL Fotball skal jobbe for utvikling av anlegg.

# Organisering av Eid IL Fotball

## Organisering av styret



## Organisering av sport



## Årsmøtet

Årsmøtet er klubbens høgste myndigheit og skal gjennomførsat kvart år i februar. Årsmøtet sine oppgåver står i klubben sine lover. Der går det også fram korleis årsmøtet skal innkallast. For å ha stemmerett og vere valbar må eit medlem ha fylt 15 år, vore medlem i klubben i minst ein månad og ha betalt kontingent.

Innkalling til årsmøtet skal skje direkte ovanfor dei representasjonsberettiga. Klubben kan kalle inn på annan forsvarleg måte, eksempelvis ved kunngjering i pressa eller på klubben si nettside. Årsmøtet legg grunnlaget for klubben si verksemd og styret sitt arbeid. Alle som ynskjer å være med på å bestemme kva klubben skal gjere, og korleis den skal drivast, bør delta på årsmøtet. Det skal skrivast protokoll frå årsmøtet og denne bør vere tilgjengeleg for organisasjonsleddet sine medlemmar for eksempel på klubben si heimeside. Før ein publisering bør styret vurdere om det er personopplysningar i protokollen som er av ein slik karakter at den ikkje bør publiserast.

## Styret

Styret er den høgste myndigheita i klubben mellom årsmøta. Nokre saker kan ikkje behandlast i styret, men må behandlast av årsmøtet. Det gjeld saker som går under «Årsmøtet sine oppgåver», og disposisjonar av ekstraordinær karakter eller betydeleg omfang i forhold til organisasjonsleddet sin storleik eller verksemd.

Om styret er i tvil, bør saka takast opp på årsmøtet.

Lovpålagte oppgåver for styret:

- Sette i verk årsmøtet og overhalde overordna organisasjonsledd sine regelverk og vedtak
- Passe på at klubben sine midlar brukast og forvaltast på ein forsvarleg måte, i samsvar med dei vedtaka som er fatta på årsmøtet eller i eit overordna organisasjonsledd, og sørge for at klubben har ein tilfredsstillande organisering av regnskaps- og budsjettfunksjonen og ein forsvarleg økonomistyring
- Etter behov utnemne komitear, utval eller personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for deira funksjon
- Representere klubben utad
- Utnemne ein som er ansvarleg for politiattestar
- Utnemne ein ansvarleg for barneidretten

Andre viktige oppgåver:

- Planlegge og ivareta klubben si totale drift, derunder mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap
- Passe på at idretten sine retningslinjer for aktiviteten i klubben blir følgt
- Stå for klubben si daglege leiing
- Arbeidsgjevaransvar for eventuelle tilsette
- Legge fram innstilling til årsmøtet på kandidatar til valkomité
- Utnemne to personar som i fellesskap skal disponere klubbens konti, og sørge for at dei er dekkja av underslagsforsikring
- Utnemne eller engasjere regnskapsfører
- Lage årsmelding frå styret til årsmøtet
- Oppdatering av klubbhandboka



## **Styrets arbeid**

Styret har regelmessige, ca ein gong i månaden, møter der fokus er oppfølging av tiltak og drift av klubben. Dagleg leiar er med på møta og informerer styret om drifta og får eventuelle nye oppgåver frå styret. Økonomi og sport er faste saker på alle styremøta.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmar er til stades. Vedtak fattast med fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ved stemmelikheit er møteleiaren si stemme avgjerande. Det er styremedlemmane si plikt å respektere eit styrevedtak, sjølv om det fattast mot vedkomande si eiga stemme.

Styremøter kan haldast skriftleg (for eksempel per. e-post) eller i fjernmøte (for eksempel per. telefon/videokonferanse) dersom eit fleirtal av styremedlemmane er einige i dette. Det skal alltid førast protokoll frå styremøta.

Kvart styremøte bør innleiingsvis starte med spørsmål om det førelegg mogleg inhabilitet i nokre av sakene og behandlinga av inhabilitet skal alltid protokollførast.

## **Roller/utval**

*Mandat og oppgåver for roller/utval som er lovpålagte, går frem av klubbens lov. Dette gjelder valkomité og valt revisor (ev. kontrollkomité der det er et krav).*

*For dei styreoppnemnte utvala bør ansvar og hovudoppgåver for utvala skildrast av styret sjølv når styret vedtar å opprette utvala. Slik blir det lett å finne ut kva dei tillitsvalte i roller og utval kan og skal gjere. Skildringa skal innehalde korleis rollen/utvalet er bygd opp, og kva slags mandat og kva slags oppgåver rollen/utvalet har.*

*Roller det stilles krav til i Kvalitetsklubb:*

- *Sportsleg leiing*
- *Rekrutteringsansvarleg*
- *Trenarretteiar*
- *Fair play-ansvarleg/utval*
- *Kvalitetsklubbansvarleg*
- *Dommeransvarleg/utval*
- *FIKS-ansvarleg*

*Eksempel på andre roller/utval:*

- *Økonomiansvarleg/utval*
- *Arrangementsansvarleg/utval (DL og styret)*
- *Anleggsansvarleg/utval*

## **Tilsette**

Eid IL Fotball har i 2023 5 personar som er tilsette i ulike roller. Klubben har dagleg leiar tilsett i ei 80% stilling, hovudtreinar for senior herrer som er tilsett i ei 20% stilling, spelarutviklar som er tilsett i ei mindre stilling samt to trenarretteiarar som er tilsett i mindre stillingar.

## Klubbens lov

Som medlem av Norges Fotballforbund er Eid Fotball underlagt NFF sine lover og retningslinjer og følger fastsatte målsettinger for Barne- og ungdomsfotballen.

Klubben er også underlagt Eid IL sine lover og regler som ein del av idrettslaget.

## Medlemskap

Ved innmelding skal medlemmane registrerast med namn, fødselsdato, adresse, e-postadresse og telefonnummer. Medlemmane skal melde seg inn i klubbens medlemssystem som er min idrett. Namn og kontaktinformasjon til føresette må givast opp dersom medlemmen er under 15 år. Alle medlemmar har ein eigen personleg idrettsside på Min Idrett. Denne personlege sida må kvart enkelt medlem aktivere før den kan brukast. Her kan du som medlem, utøver, tillitsvalt eller administrativt tilsett melde deg på arrangement og kurs, endre dine egne personopplysningar, finne informasjon knytt til lisensinnbetaling, dine komande aktivitetar og andre funksjonar og tenester som kan vere aktuelle og interessante for deg.

Når ein vil bli medlem i klubben, kan ein ikkje ha uoppgjorte økonomiske forplikingar til klubben eller andre organisasjonsledd i NIF. Alle som har betalt medlemskontingent i klubben, er medlemmar. Medlemskapet reknast frå den dagen kontingenten er betalt. Ein tilsett kan være medlem i klubben, men har ikkje stemmerett på årsmøtet og kan heller ikkje inneha årsmøtevalde verv i klubben.

Medlemskapet i klubben kan opphøre ved utmelding, manglande betalt medlemskontingent eller eksklusjon. Ein utmelding skal skje skriftleg og får verknad når den er mottatt. Eit medlem som skylder kontingent for meir enn eitt år, kan strykast, og då kan ikkje medlemmet takast opp igjen før den skyldige kontingenten er betalt. Om medlemmet skylder kontingent etter forfalt to års kontingent, skal medlemskapet bringast til opphør ved stryking frå klubben si side. Dersom klubben vurderer ekskludering av eit medlem, må det takast kontakt med idrettskretsen. Slutning om eksklusjon ileggas av NIFs domsutval.

## Medlemskontingent

I Eid IL Fotball betalar ein medlemskontingent og treningsavgift i to ulike delar. Medlemskontingenten betalast direkte til hovudlaget Eid IL, medan treningsavgiftene er det Eid IL Fotball som styrer. Medlemskontingenten er fastsett av hovudstyret i Eid IL.

Prisar på medlemskontingent Eid IL per 2023:

Medlemskontingent barn 100kr  
Medlemskontingent vaksen 250kr  
Medlemskontingent familie 450kr

## Treningsavgifter

Treningsavgiftene skal bestemast av årsmøtet. Treningsavgifta bør setjast på bakgrunn av faktiske kostnader knytt til aktiviteten.

Treningsavgiftene i Eid IL Fotball blir fastsett på årsmøtet og er følgande for sesongen 2023:

- 5 år                    0kr
- 6-8 år                1000kr

- 9-10 år 1600kr
- 11-12 år 2000kr
- 13-14 år 2500kr
- 15-17 år 3200kr
- Senior kvinner 2500kr
- Senior herrer 3900kr

## Klubbens aktivitetstilbud

Eid IL Fotball tilbyr fleire aktivitetar utover den ordniære lagsaktiviteten.

### **Akademi**

Eit ekstratiltak onsdagar kl 12:00 – 13:30 for aldersgruppa 9 – 12 år.

### **Morgenøkt**

Eit ekstratiltak onsdagar kl 07:15 – 08:15 for aldersgruppa 13 – 19 år.

### **Ungdomsøkt**

Eit ekstratiltak fredagar kl 14:40 – 16:00 for aldersgruppa 13 – 16 år.

### **SunnmørsAkademiet**

Eit ekstratiltak i samarbeid med SunnmørsAkademiet for aldersgruppa 10 – 12 år. Desse øktene foregår ca annankvar laurdag.

Alle desse tiltaka er gratistilbod til våre medlemmar, i tillegg arrangerar vi fotballskular i feriar for ulike aldersgrupper.

## Barne- og ungdomsidrett

### **Barneidrett**

Alle som har ansvar for barn eller er trenere for barn, skal kjenne til idrettens barnerettigheter og bestemmelser om barneidrett. All aktivitet for barn skal legges opp slik at klubben følger intensjonene i retningslinjene og bestemmelsene. Styret må i denne forbindelse oppnevne en ansvarlig (tillitsvalgt eller ansatt) for barneidretten (Lovnorm - § 18 Idrettslagets styre (2) f).

Dette inneber at

- aktiviteten skjer på bornas premiss
- borna har det trygt
- borna har venner og trives
- borna opplever meistring
- borna får påvirke egen aktivitet
- borna kan velge om og hvor mye de vil konkurrere

### **Ungdomsidrett**

Alle som er trenere for ungdom i klubben, skal kjenne til retningslinjene for ungdomsidrett. Klubben og trenerne skal sørge for

- at ungdom kan bli så gode som de selv vil
- å legge til rette både for dem som vil konkurrere, og dem som ikke ønsker å konkurrere
- at ungdom får være med på å bestemme over egen aktivitet
- at ungdom får bidra med det de kan
- at ungdom får utdanning eller kurs for å utvikle seg
- at treningsavgiften er overkommelig for ungdom

## Klubben sine arrangement

Eid IL Fotball har fleire arrangement i løpet av ein sesong av ulik storleik.

Det største arrangementet i klubben er EXTRA Eid Cup som er ein årleg fotballcup for årskulla 6 – 13 år. EXTRA Eid Cup arrangerast kvart år i april månad.

Klubben har også andre arrangement som Sparebanken Vest Ferieproff i haust og vinterferie, TINE Fotballskule som arrangerast siste ferieveka i sommarferien, Sommarskule som arrangerast første veka i sommarferien, Kick off for barnefotballen som arrangerast i forkant av sesongen og Kongleriket miniputtturnering som klubben arrangerer i samarbeid med NFF Sogn og Fjordane.

### Heimekampar

På aldersbestemte kampar er det lagleiar som er ansvarleg for å utnemne Fair Play-vertar som har ansvaret for gjennomføringa av kampen. På seniornivå er det klubben sin Fair Play ansvarleg som har dette ansvaret i lag med lagleiar til dei ulike laga.

### *Reise i regi klubben*

På alle reiser i regi av klubben (cuper, treningsleir osv.) skal det peikast ut ein ansvarleg reiseleder som har overordna myndigheit frå avreise til heimkomst. Reiseleiaren kan vere ein av foreldrene som har meldt seg frivillig til å vere med på ein cup, treningsleir eller eit annet arrangement. Det kan vere ein eller fleire reiseleiarar, og det blir valgt ut éin hovudansvarleg blant dei. Alle skal vere kjent med og følge instruksen. Alle barn under 10 år skal ha følge av foreldre eller anna forsett dersom reisa innebærer overnatting, om ikkje anna er avtalt.

### *Les meir*

*Eksempel på funksjonsbeskrivelse for reiseleder*

## Rolleskildringar

### Spelaren

- Spelaren må sjølv vise ansvar for å utvikle eigne ferdigheiter. Møt presis til trening og kamp, og meld alltid ifrå viss du ikkje kan møte til trening eller kamp.
- Spelaren skal representere Eid Fotball på ein best mogleg måte gjennom å vise lojalitet til klubben, til eige lag, og vise respekt både for medspelarar, motstandarar og dommarar.
- Vis alltid god folkeskikk!! Banning og mobbing eller anna nedverdiggande ytringar mot andre menneske, er ikkje akseptert.
- Bruk av rusmidlar i samband med trening, kamper, sosiale arrangement og turneringar i regi av Eid Fotball, er ikkje akseptert.

- Ta del i fellesoppgåver og dugnadsarbeid med ei positiv innstilling. Bidra til å halde orden på laget sitt utstyr, og rydd etter deg når du har vore på trening.
- Betale medlemskap i Eid IL og treningsavgift til Eid fotball slik at forsikringa er i orden.
- Ha kjennskap til sportsplanen.

### **Forelder/føresett**

- Vis interesse for borna og ungdomen. Still opp på kamp og i trening. Gje positiv støtte og tilbakemelding til alle på laget. Dette bidreg til å skape eit godt miljø.
- Førsette skal respekter trenaren si rolle og avgjersler. La trenarane få gode og ryddige arbeidsforhold, og opphald deg på motsett side av trenar og spelar under kamp. Førsette skal ikkje «coache» spelarane.
- Gjer deg kjent med foreldrevettreglane, og ver eit godt førebilete overfor spelarane. Respekter dommaren sine avgjersle.  
<https://www.fotball.no/barn-og-ungdom/verdier-og-virkemidler/idrettens-barnerettigheter-og-bestemmelser3/foreldrevettregler/>
- Alle førsette oppfordrast til å setje seg inn i klubben sin sportsplan.
- Møt opp på foreldremøte, og still opp på dugnad og andre arrangement i regi av Eid fotball.
- Lagleiar er førsette sin kontaktperson ved eventuelle spørsmål.
- Betale medlemskap i Eid IL for barnet og treningsavgift til Eid fotball slik at forsikringa er gjeldane.

### **Trenar**

- Trenar har ansvaret for den sportslege aktiviteten i si treningsgruppe.
- Trenar skal følgje Eid IL Fotball sin Sportsplan og elles dei retningslinjer for barnefotball og ungdomsfotball, utvikla av NFF.
- Trener har ansvar for at alle typar spelarar uavhengig av modning, kjønn, religion, fysiske/psykiske hemningar, skal alle få eit godt tilbod og gode forutsetningar for utvikling.
- Trenar skal jobbe for gode sosiale relasjonar i spelargruppa, og gje ros og oppmuntring for å skape trivsel i gruppa. Trenar skal også setje gode og trygge rammer rundt trening og kamp, og fokusere på positive løysingar som gjev meistrings kjensle blant spelarane. Trenaren skal vere eit godt forbilde for spelarane. Det skal vere ein samanheng mellom det ein seier og det ein gjer.
- Trener skal fremje fokus på Fair Play, både i laget, i klubben, mot medspelarar og dommarar.

- Trener i Eid IL Fotball skal streve mot eiga utvikling som trener. Klubben ønskjer at trenarar tek tilbydde kurs, og deltek på trenarforum i klubben.
- Det er viktig at trener har god dialog med foreldregruppa i laget.
- Trener skal bruke Eid Fotball sine profilerte kle, som er tildelt når ein representerer klubben.
- Levere politiattest til klubben.
- Trenarar som blir lønna skal ha eigne kontrakter og arbeidsinstruksar.

### Lagleiar

- Alle lag i seriespel skal ha lagleiar.
- Lagleiar skal veljast blant føresette på foreldremøtet. Lagleiar får tildelt lagleiarinstruks frå klubben.
- Lagleiar er føresette sin kontaktperson inn mot trener og klubben sitt styre/SU. Lagleiar skal bidra til eit godt samarbeid med trenarar, andre lagleiarar, styret/SU og sportskoordinator.
- Lagleiar skal bidra med praktisk organisering kring laget sine aktivitetar.
- Lagleiar skal fremje verdiane i Fair Play. Lagleiar skal gjere føresette kjende med foreldrevettreglane.
- Lagleiar skal kjenne til Eid IL Fotball sin sportsplan, og bidra til å sjå til at sportsplanen vert følgt i gruppa. Lagleiar har rett til å gripe inn om sportsplanen ikkje vert følgt.
- Kommuniser med spelarar og foreldre gjennom media, som skal vere valt på foreldremøte. Respekter aldersgrenser på sosiale medium som t.d. Facebook.
- Lagleiar/trenar skal bidra til at det vert gjennomført eit foreldremøte i starten på sesongen. Her skal ein gå gjennom innhaldet i sportsplanen, velje lagleiar om det ikkje allereie er valt, ta opp tema som cup, Fair Play, dugnadsarbeid i klubben og anna aktuelt.
- Lagleiar kan delta på trenerforum om ønskjeleg.
- Link til handboka

### **Kampvert**

*Ein trener og lagledar har ofte hendene fulle når det er kamp, og for å sikre ei fin og trygg ramme rundt aktiviteten er kampvert ei viktig rolle. Det er hyggeleg at hjemmelaget har ein vert som tar imot gjestar, og ein kampvert har også ei tydeleg og respektert rolle under kampen.*

*Kampverten sine oppgåver er å bidra til ei god ramme rundt kampen preget av Fair play. Kampverten har på gul kampvertvest og har med seg foreldrevettkort.*

*Kampvertinstruks finner du her*

## Dommar

Klubben er avhengig av dommarar for å kunne spele kampar. Dommarane har ansvar for å sikre ein god gjennomføring av kampar.

Dommarane bør være kjent med:

- Dommar skal bidra til god kommunikasjon med klubben sitt styre/SU, tilsette, trenere og lagleiarar.
- Dommar skal bidra til fokus på Fair Play.
- Dommar skal ha fokus på læring overfor spelarane og støtteapparatet.
- Dommar skal bruke Eid IL Fotball sine profilerte kle, når ein representerer klubben.
- Dommar skal bidra til å rekruttere dommarar i klubben, og inkludere desse på best mogleg måte.
- Dommar har ansvar for eiga utvikling, vise interesse for kurs/utdanning.
- Betale medlemskap i Eid IL.

## Rekrutteringsansvarlig

For å bli ein Kvalitetsklubb må klubben ha ein Rekrutteringsansvarlig. Med denne funksjonen sikrar klubben at dei frivillige, dei aktive og foreldra har ein felles forståelse for klubborganiseringa. Den ansvarlige for klubben kan være ein ansatt/deltidsansatt eller ein dedikert frivillig. Rekrutteringsansvarlig skal kjenne til klubbens sportsplan, visjon, verdiar og mål. Rekrutteringsansvarlig skal gjennom sin væremåte opptre som ein god ambassadør for klubben.

## Rekrutteringsansvarlig rapporterar til Dagleg Leder og/eller Sportsleg Utval.

### Ansvarsområder for Rekrutteringsansvarlig:

- Ansvarlig for å rekruttere nye årskull
- Rekrutteringsansvarlig er saman med Sportsleg Utval ansvarlig for å utvikle klubbens rekrutteringsplan
- Rekrutteringsansvarlig skal saman med andre relevante personar arrangere Kick off
- Ta initiativ til nye rekrutteringstiltak
- Bidra til å skaffe trenarar til nye årskull
- Oppfølging av nye årskull

### Rolla som Rekrutteringsansvarlig:

- Rekrutteringsansvarlig skal kjenne til klubbens sportsplan og visjonar
- Rekrutteringsansvarlig skal minimum ha fullført Grasrottrenaren del 1 og 2

- Være synleg i klubbmiljøet

## Trenarrettleiar

**Trenarrettleiar for guttefotballen rapporterar til sportsleg utval og dagleg leiar.**

### **Ansvarsområder for trenarrettleiar for guttefotballen:**

- Trenarrettleiar har ansvaret for oppfølging og rettleiing av trenarane på guttesida i klubben
- Aktiv og jamleg oppfølging av klubben sine trenarar på feltet
- Jobbe aktivt for å fremje klubben sin sportsplan
- Trenarrettleiar skal samarbeide med trenarrettleiar på jentesida slik at det blir arrangert minimum 6 trenarforum i klubben sesongen 2023
- Motivere klubben sine trenarar til å gjennomføre trenarutdanning
- Trenarrettleiar skal samarbeide med trenarrettleiar på jentesida for å oppnå målet om at alle lag i klubben har ein trenar med Grasrottrenarutdanning
- Halde ei oppdatert oversikt over kompetansen til trenarane på guttesida
- Bistå sportsleg utval med rekruttering av trenarar
- Bidra aktivt med å rekruttere nye spelarar
- Trenarrettleiar skal vere ein del av sportsleg utval
- Ansvarleg for hospitering på gutesida i barnefotballen og opp til G15-17
- Landslagsskuleansvarleg på gutesida i klubben
- Bistå spelarar, trenarar og føresette med å lage utviklingsplanar for enkeltspelarar
- Lage sportsleg innhald til TINE Fotballskule
- Vere sportsleg ansvarleg på Sparebanken Vest Ferieproff

### **Rolla som trenarrettleiar for guttesida**

- Personen skal ha inngåande kjennskap til klubben sin sportsplan
- Ha god kjennskap til fotballen i klubben og nærområdet
- Skal så godt det lar seg gjere være tilgjengelig for spørsmål knytt til klubben
- Imøtekommande og open for nye trenarar og spelarar
- Være synleg i klubbmiljøet

Klubben har også ein trenarrettleiar for jentefotballen der rollebeskrivelsen ser lik ut, berre det gjeld jentefotballen i klubben.

## Fair play-ansvarlig

Den ansvarlige for klubben kan være ein ansatt/deltidsansatt eller ein dedikert frivillig. Fair Play-ansvarlig skal kjenne til klubbens sportsplan,visjon, verdiar og mål. Fair Play-ansvarlig skal gjennom sin væremåte opptre som ein god ambassadør for klubben.

**Fair Play-ansvarlig rapporterar til Daglig Leder og/eller Styret i tillegg årsrapport til kretsen.**

### **Ansvarsområder for Fair Play-ansvarlig:**

- Ha god kjennskap til NFFs Fair Play program og implementere dette i klubbdrifta
- Være kontaktperson for klubbens lag og medlemmar i saker som gjeld Fair Play



- Ta initiativ til Fair Play tiltak

#### **Rolla som Fair Play-ansvarlig:**

- Fair Play-ansvarlig skal kjenne til klubbens sportsplan, verdier og visjonar
- Ha kjennskap til Fair Play
- Være synleg og engasjert i klubbmiljøet
- Skal ha Fair Play-kurs

#### **Kvalitetsklubbansvarlig**

For å bli ein Kvalitetsklubb må klubben ha ein Kvalitetsklubbansvarlig. Med denne funksjonen sikrar klubben at dei frivillige, dei aktive og foreldra har ein felles forståelse for klubborganiseringa. Den ansvarlige for klubben kan være ein ansatt/deltidsansatt eller ein dedikert frivillig. Kvalitetsklubbansvarlig skal kjenne til klubbens sportsplan,visjon, verdier og mål. Kvalitetsklubbansvarligansvarlig skal gjennom sin væremåte opptre som ein god ambassadør for klubben.

#### **Kvalitetsklubbansvarlig rapporterar til Styreleiar, Sportsleg utval og Styret.**

#### **Ansvarsområder Kvalitetsklubbansvarlig:**

- Ansvar for klubbens utvikling rundt kvalitetsklubb
- Ansvar for oppfølging rundt kvalitetsklubb
- Ansvar for å få tak i personar til rollene som krevst rundt kvalitetsklubb

#### **Rolla som Kvalitetsklubbansvarlig:**

- Ha god kjennskap til Kvalitetsklubb konseptet
- Ha kjennskap til Eid IL Fotballs sportsplan
- Være synleg i klubbmiljøet
- Bistå med oppgåver som krevst i kvalitetsklubb

#### **Dommaransvarlig**

For å bli ein Kvalitetsklubb må klubben ha ein Dommaransvarlig. Med denne funksjonen sikrar klubben at dei frivillige, dei aktive og foreldra har ein felles forståelse for klubborganiseringa. Den ansvarlige for klubben kan være ein ansatt/deltidsansatt eller ein dedikert frivillig. Dommaransvarlig skal kjenne til klubbens sportsplan,visjon, verdier og mål. Dommaransvarlig skal gjennom sin væremåte opptre som ein god ambassadør for klubben.

#### **Dommaransvarleg rapporterar til Daglig Leder og/eller Styret.**

### **Ansvarsområder for Dommaransvarleg:**

- Dommaransvarleg har ansvaret for rekruttering av nye dommarar samt ivareta eksisterande dommarar
- Dommaransvarleg har ansvaret for dommaroppsett
- Oppfølging og rettleiing av dommarar
- Holde dommarkurs i forkant av sesong for både nye og eksisterande dommarar
- Kontaktperson til klubbens lagleiarar og trenarar rundt dommarspørsmål
- Holde oversikt samt inneha kontaktinformasjon til klubbens dommarar
- Ansvar for å tilby dei som har ambisjonar og talent, vidare oppfølging og etterutdanning i tett samarbeid med kretsen
- Ansvaret for at dommarar får ein naturleg plass i klubben samt arbeide for å heve dommarkvaliteten i klubben

### **Rolla som Dommaransvarleg:**

- Dommaransvarlig skal være ein person som har god kjennskap til fotballdømming
- Dommaransvarlig skal være ein person som kjenner til klubbens sportsplan og visjonar
- Dommaransvarleg skal være imøtekommande og åpen for nye dommarar
- Skal så godt det lar seg gjere være tilgjengeleg for spørsmål knytta til dommarar
- Være synleg i klubbmiljøet

### **FIKS-ansvarlig**

For å bli ein Kvalitetsklubb må klubben ha ein FIKS-ansvarleg. Med denne funksjonen sikrar klubben at dei frivillige, dei aktive og foreldra har ein felles forståelse for klubborganiseringa. Den ansvarlige for klubben kan være ein ansatt/deltidsansatt eller ein dedikert frivillig. FIKS-ansvarleg skal kjenne til klubbens sportsplan,visjon, verdiar og mål. FIKS-ansvarleg skal gjennom sin væremåte opptre som ein god ambassadør for klubben.

### **FIKS-ansvarleg rapporterar til Daglig Leder og/eller Styret.**

### **Ansvarsområder for FIKS-ansvarleg:**

- FIKS-ansvarleg har ansvaret for at alle relevante personar har tilgang til FIKS
- Oppfølging og rettleiing av lagleiarar i FIKS
- Kontaktperson til klubbens lagleiarar og trenarar knytta til FIKS
- Ansvaret for at FIKS er oppdatert med korrekt informasjon

### **Rolla FIKS-ansvarleg:**

- FIKS-ansvarlig skal være ein person som har god kjennskap til FIKS
- FIKS-ansvarlig skal være ein person som kjenner til klubbens sportsplan og visjonar
- Skal så godt det lar seg gjere være tilgjengeleg for spørsmål knytta til FIKS
- Være synleg i klubbmiljøet

## Klubbdrift

### Årshjul

Eid IL Fotball har ikkje eit årshjul for 2023, men det vil bli laga eit for 2024 som vil bli publisert på nettsida vår.

### *Kompetansekrav og kompetanseplan*

Klubben har oversikt over kva for kompetanse dei frivillige har gjennom Fiks. Som klubb er vi opptatt av å ha trenarar og andre frivillige som har kompetanse til å utføre sine oppgåver og ser det som viktig at vi gir dei moglegheit til å utvikle seg gjennom kurs og anna kompetanseheving. Vi jobbar aktivt med å få trenarar med på trenarkurs og arrangerer sjølv grasrottrenarkurs med eigne trenarar som kurshaldarar.

### *Les meir*

*Informasjon om trenerutdanning i Norges Fotballforbund*

*Link mal kompetanseplan*

### *Medlemshandsaming*

*Eid IL, ved Marita Tolaas er ansvarlege for medlemshandsaminga og innkreving av medlemskontigent i Eid IL.*

*Klubben nyttar KlubbAdmin, som er eit elektronisk medlemssystem. Vi sender elektroniske betalingskrav til medlemmane, noko som gir enklare oversikt over utsendelsane og rimelegare innkreving av kontingentar.*

*KlubbAdmin er gratis å bruke for klubben og klubbens medlemmer inn til eit visst punkt. Fakturering kostar. KlubbAdmin er integrert med idrettens øvrige systemer. Via Min idrett kan medlemmene sjølv utføre innmelding/utmelding på ein enkel måte.*

## ***Dugnad og frivillig arbeid***

Klubben drives i hovudsak av frivillige. Det vil si at foreldre og forsette, søsken og andre stiller opp utan å få lønn. Denne ubetalte innsatsen bidrar til at klubben har gode aktivitetstilbod og blir et godt sted å være. Det er mange oppgåver som skal løysast i klubben, blant annet vaske drakter, rydding i klubbhuset, parkeringsvakt under turneringar, køyring til og frå kamper og kiosksal. Dette frivillige arbeidet som kommer klubben og medlemmene til gode, kallast «dugnad». Dugnadsarbeid gir mange gode opplevingar og ein følelse av å bidra til fellesskapet. Din innsats blir satt stor pris på!

### ***Les meir***

*Informasjon om idrettens køyrereglar for dugnad frå Norges Idrettsforbund*

## **Politiattester**

Klubben gjennom Eid Idrettslag krever politiattest av alle ansatte og frivillige som skal utføre oppgaver for klubben som innebærer et tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller mennesker med utviklingshemming. Det er to viktige overordnede grunner til at norsk idrett har innført en ordning med politiattest:

1. Seksuelle overgrep mot barn er totalt uforenlig med idrettens verdigrunnlag.
2. Norsk idrett skal være et trygt sted å være for barn, og et trygt sted for foreldre å sende sine barn.

Det er Eid Idrettslag som administrerer politiattestene til Eid IL Fotball

## **Klubbens antidopingarbeid**

Eid IL Fotball er underlagt Eid Idrettslag og følger idrettslaget sine retningslinjer.

## **Kommunikasjon**

Eid IL Fotball kommuniserer med sine medlemmar og andre interessenter på mange ulike måtar. Klubben er aktive på Facebook og Instagram der vi når ut til veldig mange. Klubben har saman med Eid Idrettslag oppretta ei ny nettside som skal gjere det enklare for medlemmar og andre til å finne relevant informasjon.

## **Arbeidsgiveransvar**

*Dagleleiar i klubben har medarbeidarsamtalar med arbeidstakar. Dette har styreleiar i Eid fotball i samarbeid med Leiar i Hovudlaget, då det er dei som står som arbeidsgjevar.*

## **Sikkerhetsarbeid (HMS)**

*Ved skader under kampavvikling er det trenar, lagleiar og Fair Play vert som har ansvar for handtering av dette. Ved større arrangement som t.d. turneringar vil det vere ein eller to som har hovudansvar og dei vil vere markert med oransje vest.*

*Om det skulle skje ei ulykke der nokon av våre er involvert og det skulle vere behov for mediehandsaming, så er det Styreleiar og Dagleg Leiar som har ansvaret.*

*Hjartestartar har vi tilgjengeleg på klubbhuset på Staden, på Eid Idrettspark og inne i Eid Idrettsh. Førstehjelpskurs vil vi få inn på årshjulet at det skal vere ved sesongstart. Det er òg ønskeleg å få til hjartestartarkurs.*

## Økonomi

Det er styret som har det overordna økonomiske ansvaret for klubben sin økonomi. Det inneber at styret har ansvar for at

- klubbens midlar brukast og forvaltast på ein forsiktig måte
- klubben har ein tilfredsstillande organisering av regnskaps- og budsjettfunksjonen
- klubben har ein forsvarlig økonomistyring

Styret kan delegere oppgåver knytt til den daglige oppfølginga av økonomien til klubbens daglige leiar. Den daglige leiaren kan delegere arbeidsoppgåver knytt til den løpande bilagsføringa og ajourhold av regnskapet til regnskapsføraren/kasseraren.

Styrets oppgåver knytt til regnskap og økonomi:

- Styret skal sikre at det er ein forsvarlig ansvarsdeling knytt til regnskap og økonomistyring. Det skal utarbeidast ein fullmakts matrise og ein tydelig rolleavklaring.
- Styret skal utarbeide eit realistisk budsjett.
- Styret skal sikre at regnskapet førast fortløpande.
- Styret skal sikre at klubben har ein eigen bankkonto.
- Styret skal påse at det krevst to signaturar i banken.
- Styret skal påse at klubben har teikna underslagsforsikring.
- Styret skal påse at klubben har vald revisor eller engasjert revisor og kontrollkomité.

## Forsikringar

*Alle barn som er medlemmer av lag tilsluttet NIF, er forsikra gjennom Norges Idrettsforbund fram til den dato dei fyller 13 år. All informasjon om fotballforsikringer finner du [her](#). Klubben må undersøke hva som er gjeldende i fotballforsikringen og beskrive kva som er forsikra gjennom medlemskontingenten.*

## Anlegg og utstyr

Eid IL Fotball utøver aktiviteten sin i hovudsak på tre ulike anlegg. Eid Stadion, Eid Idrettspark og Valhall Kunstgras.

Eid Stadion og Valhall Kunstgras er anlegg som Eid IL Fotball driftar sjølve, medan Eid Idrettspark er sameigd med Stad kommune, Haugen Idrettslag og Heia Idrettslag der alle eigarane bidreg på ulike måtar. Eid Idrettspark har eit eige styre for drift og anleggsutvikling. Eid IL Fotball er representert i dette styret.

Eid IL Fotball er den klart største brukaren av Eid Idrettspark og administrerer difor banekalender og utleige av Eid Idrettspark for Eid Idrettspark AS. Eid IL Fotball har også eit brukaransvar når det kjem til vedlikehald av mål og anna utstyr på Eid Idrettspark.

Eid IL Fotball eig robotklipparar på Eid Stadion og mål på Eid Stadion og Valhall Kunstgras. Alt av mål og anna utstyr på Eid Idrettspark er det Eid Idrettspark AS som eig.

Eid IL Fotball har ein eigarandel i ein traktor saman med Stad kommune og Eid Idrettspark.

Eid IL Fotball har også mykje utstyr omtalt som «Idrettsmaterieil» dette inneber alt frå ballar, kjepler og vestar til småmål og diverse anna treningsutstyr.

### *Utmerkelser og æresbevisninger*

*Dette er det Eid IL som har ansvar for.*

### *Retningslinjer i klubben*

Eid fotball har ein sportsplan som har ein del føringar og retningslinjer for alle som er frivillige og spelarar i klubben.